



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

Bergen, 27.2.2010

## Klage på konsesjonstilråding for overføring av Blådalsvatnet til Juklavatnet.

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har motteke tilrådinga frå Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) til Olje- og energidepartementet (OED) om at Statkraft Energi skal få konsesjon på å overføra Blådalsvatnet direkte til Juklavatnet med inntak av tre bekker i Kvitnadalen og to i Botnane. Tiltaket ligg heilt nord i Kvinnherad kommune, og like i kanten av Folgefonna nasjonalpark.

NVH meiner at eit så stort inngrep ikkje bør tillast i eit landskap av så stor verdi som her, både nasjonalt og internasjonalt, like ved nasjonalparkgrensa, og at den samla verknaden på dei dokumenterte interessene som bli påverka av utbygginga, ikkje er tilstrekkeleg vektlagt. Vi viser til tidlegare høyringsuttaler samt til NVE sin kommentarar til denne og andre sine høyringsuttaler i utgreiinga som følgde med tilrådinga til OED dagsett 17.12.2009 (vedlagt).

Alle sidereferansar i dette brevet viser til denne utgreiinga.

NVH vil særleg peika på følgjande forhold:

### (1) **Naturmiljø og biologisk mangfald.**

I NVE si eiga utgreiing på s. 33 blir det slått fast at inngrepet medfører store konsekvensar på inngrepsfri natur: *"For naturmiljøet generelt vil alt. I likevel ha store negative konsekvenser, fordi det reduserer arealet av inngrepsfrie naturområder med 3.78 km<sup>2</sup> og 1.35 km<sup>2</sup> endrer inngrepsstatus. Det vesentligste av disse arealene ligger innenfor nasjonalparkens grenser, selv om inngrepet ligger utenfor."* Etter NVH si meining betyr dette at nasjonalparkarealet i praksis er redusert tilsvarende, vi viser til Plan- og bygningslova sin §11.8 om "hensynssoner". Det er altså fullstendig feil å skriva som NVE gjer på s. 33 at *" - tiltaket er ikke i strid med parkens vernebestemmelser."*

Som påpeika i KU blir restvassføringa redusert til mellom 0.4 og 13.4% av dagens vassføring i bekkene ned til insta Kvitnadalsvatnet og 23% i elva ut av vatnet og 33% i utløpet frå Botnatjørna. I tørrår blir dette ekstra synleg, noko som også blir vedgått av NVE. Vidare kommenterer grunneigar Olav A. Gjerde dette med å seia (s. 59): *"Det å ta vatnet frå Kvitnadalen er eit overgrep mot dalføret og tilhøyrande område. Dette området er heilt unikt, omkransa av tre brear, Midtsonna, Nordsonna og breen inst i Kvitnadalen. Tar ein bort det eine elementet – rennande vatn – blir det eit område/landskap utan liv."* Ekstra kritikkverdige er det i følgje Gjerde at det er den kanskje største energiproduzenten i landet, Statkraft Energi, som står bak overgrepet mot norsk vassdragsnatur her, eit selskap som frå før tener store summer på høge kraftprisar og eksport av norsk vasskraft. Dei treng difor ikkje denne utbygginga på 46 GWh som er relativt dyr samanlikna med andre utbyggingsprosjekt (sjå s. 59). Det er mykje meir rein energi å henta på modernisering og opprusting av eigne anlegg enn ved å amputera nasjonalparkområdet for å få ut endå meir kraft til eksport. Gjerde påpeikar og det urimelege i at *"Det er eit paradoks at grensene for landskapsvernområdet blir lagt inn til bøgardane til bøndene på Bondhus og Ænes til stor ulempe for desse, mens Kvitnadalsområdet som det siste urørte området her omkring vert trekt ut av nasjonalparken."* Magnhild Flatabø Haug støttar Olav Gjerde sine synspunkt og seier blant anna om Kvitnodalen: *I brekka ned mot midtre vatnet er det og svært frodig, med stort biologisk mangfald. Sjølv i dei gråe skarvnakkane oppover mot Fonna kan ein finna mange slags planter som greier seg i den korte sumaren. Føl ein den gamle varda ruta innover er det ein fantastisk tur. Dei gamle vardane fortel oss at her har det vandra folk for hundrevis av år attende. Får Statkraft det slik dei søker om er dette området og øydelagt. Eit unikt vilt brelandskap som naturleg skulle høyra til nasjonalparken. Men sidan det er råd å få tak i litt vatn, og vatn er pengar, så vert det skore eit djupt hakk inn i nasjonalparken. Eg har undra meg på kva vitsen med å oppretta heile nasjonalparken, var? Ser ein på kartet er heile lina frå Bondhusbreen til inst på Nord-Fonna full av inngrep. Det som er tilbake, er det ikkje råd å henta meir (vatn) utav."* Her ligg det etter vår meining

til rettes for å anvenda den nye paragrafen i Naturmangfaldlova om "hensynssoner". Dokumentasjonen frå Haug står og i sterk kontrast til Statkraft og konsekvensutgreiinga sin påstand om at det ikkje finst biologisk mangfald i Kvitnodalen.

## (2) Landskap og friluftsliv

I utgreiinga til NVE på s. 25 står det: *"Den vestlige del av Kvitnadalen og området omkring insta Kvitnadalsvatnet vurderes å ha en landform som regionalt representativ (typisk). Dalen er erodert av isen, har høye fjellvegger, glatte bergflater som et "vannfylt trau". Løsmasssedekket og vegetasjonen er sparsom. Landskapet er helhetlig og harmonisk og strukturene er ikkje brutt opp av inngrep. Nærheten til breen tilfører opplevelsen en viss dramatik. Den er i romlig landskapskartlegging gitt verdien B1 (høy?) i fagrapporten."* I denne nøkterne vurderinga kjem det likevel tydeleg fram at Kvitnadalen er noko av det finaste ein kan visa til av norsk høgfjellsnatur, og dette området var då og eigentleg tenkt å vera ein del av nasjonalparken. Dersom det såkalla o-alternativet utan bekkeinntak i Kvitnadalen, blir valt, vil det medføra at dalen igjen blir ein del av nasjonalparken slik meininga var (s. 35). Også Botnane og Juklavatnet har stor verdi for friluftslivet, fagrapporten sier: *"Botnane er innfallsport til en spesielt tilgjengelig og derfor mye brukt brearm (Botnabreen). Området vurderes å ha stor verdi som friluftsområde på regionalt og lokalt nivå. På nasjonalt nivå antas verdien å være noe mindre. Mye av områdets store verdi som friluftsområde skyldes at det er gjort tilgjengelig gjennom bygging av veier i forbindelse med kraftutbygging."*

Området kring midtra Kvitnadalsvatnet er mykje brukt fordi skiløypa "Fonna på langs" kryssar her. Dalen kring instra Kvitnadalsvatnet, som blir sterkt berørt av bekkeinntaka i tiltaket, blir derimot nedvurdert (s. 26), fordi inngrepet ikkje vil "vera synleg" frå varderekkja gjennom dalen som fører over til Sørfjordssida. Her ser vi altså at verknaden av inngrepet på naturopplevinga gjennom Kvitnadalen blir forsøkt bagatellisert, og det same ser vi på s. 38 der NVE til og med stiller spørsmål ved sjølve vernevedtaket ved å seia at "kvalitetskrevenne tiltak" er viktigare enn vern (!), og at *"det anses ikkje som vesentlig om Kvitnadalen innlemmes i Folgefonna nasjonalpark eller ikke."* NVH konstaterer at NVE her baserer konklusjonane sine om verknaden av inngrepet på reiseliv og turisme på rein syensing og ikkje på kunnskap og faktiske opplysningar.

Vi tillet oss å minna om at "føre var"-prinsippet no er nedfelt i Naturmangfaldlova sin §9 der det heiter: *"Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger det en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikkje manglende kunnskap kunne brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak."*

Miljøverndepartementet har også sett at det er eit stort behov for å sikra randsonene til dei nyleg oppretta nasjonalparkane mot utbyggingspress. Det er difor innført eit nytt begrep som kallast "hensynssoner" som i den nye Plan og Bygningslova §11.8 er definert slik: *"For randsonen til nasjonalparker og landskapsvernområder kan det, samtidig med fastsetting av verneforskrift for nytt verneområde eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan for etablerte verneområder, fastsettes bestemmelser for å hindre vesentlig forringelse av verneverdiene i verneområdet."* I den nyleg vedtekne Naturmangfaldlova står det og i §35 at verneforskriftene for nasjonalparker skal *"- - sikre en uforstyrret opplevelse av naturen."* Overføringa til Juklavatnet med dei tre bekkeinntaka i Kvitnadalen vil derfor koma i strid med ei mogeleg framtidig verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark, fordi utbygginga vil "forringa verneverdiane" i nasjonalparken, og er også i strid med §9 og §35 i Naturmangfaldlova.

*I NVH si tilråding er forholdet til Naturmangfaldlova og den nye Plan- og bygningslova med dei nemnde lovparagrafane ikkje vurdert i det heile teke. Vi minner om at det er under utarbeiding ein forvaltningsplan med verneforskrift for Folgefonna nasjonalpark, som vil gripa direkte inn i tilrådinga frå NVE om Juklavatn-overføringa, dersom det blir innført ei hensynssone rundt nasjonalparken.*

Konsekvensane for nasjonalparken er og avgjerande når Fylkesmannen går mot utbygginga og påpeikar at skadene utbygginga påfører naturmiljøet langt overstig fordelene (s. 47). Fylkesmannen kritiserer også KU for å vera for laust fundert og ikkje å ha *"vektlagt verdien av å sikre eit størst mogeleg område med urørt natur for å få fram heilskapen og variasjonen i landskapsrommet kring breane på Folgefonna halvøya."* Utbygginga representerer eit stort inngrep i det opphavlege nasjonalparkområdet, og er dermed også i strid med §2 i verneforskrifta.

### (3) Reiseliv og turisme

I tillegg til dei forventade skadene som utbygginga påfører nasjonalparken i form av redusert naturmiljø og internasjonalt og nasjonalt omdøme, vil den få store konsekvensar for den turismen som i dag blir driven av Folgefonna Breførarlag. Dei påpeikar i sin høyringsuttale at særleg anleggsperioden vil vera heilt øydeleggjande for store deler av deira aktivitet, og representerer eit reelt tap (s. 54). Dei meiner at KU har teke altfor lett vint på friluftsverdiane. Breførarlaget listar opp dei aktivitetane som blir skadelidande i tre punkt (Folgefonna på langs, Blåistur i Botnabreen og Blåistur i Juklavassbreen). Deira protest førte til at Statkraft droppa det eine bekkeinntaket i Botnane (ved Tverrhorga), som ville ha sett ein stoppar for tiltak 3, men det andre står att, likeeins dei tre i Kvitnadalen som grip inn i Folgefonna på langs, og bortfallet endrar såleis ikkje Breførarlaget sin haldning til inngrepet.

Det som er sagt ovanfor om verknaden av inngrepet for den turismen som baserer seg på Folgefonna nasjonalpark som reisemål, gjeld også for framtidig naturbasert turisme på Folgefonna halvøya. NVE har heller ikkje teke omsyn til innvendingane frå Bergen Turlag, Kvinnherad Turlag og NVH om reduksjon av inngrepsfrie områder og forringa naturmiljø, og skader på framtidig friluftsliv og geoturisme i eit nasjonalt og internasjonalt viktig turistmål.

### (4) Massedeponi

NVE har heller ikkje greidd å forklara på ein truverdig måte korleis dei skal greia å deponera 380 000 m<sup>3</sup> utsprenge masse frå tunnelane mellom Blådalsvatnet og Juklavatnet i morenelandskapet ved Markjelkevatnet (s. 13-14). Dei skjemma såra etter tidlegare vasskraftutbyggingar blir brukt som eit argument for at det ikkje betyr så mykje om landskapet kring Markjelkevatnet blir endå meir utskjemt. Her har dei også tenkt å plassera riggområdet i anleggsperioden. Korleis deponiet vil verka inn på vatnkvaliteten i Øyreselva vidare nedover, er ikkje vurdert, noko som er ein stor mangel ved utgreiinga, og blir kommentert av Magnhild Flatabø Haug: *"Markjelkeelva har gjeve ei ganske bra vassføring til Fagerdalselva ned til Goddalsvatnet og vidare til Øyreselva. Dette har berga fisken i Øyreselva, både inne i dalen kor det har vore bra med kjøe, lenger heime har laks og sjøaure gått opp. Elva etter reguleringa vart ei heilt anna elv enn den brusande breelva ho ein gong var, men ho gav liv i landskapet, det var ikkje eit dødt elvefar. I konsesjonssøknaden står der mykje som ikkje samsvarar med fakta. Dette tykkjest bittert og urettvist. (- - -). Det blir hevda at Markjelkevatnet ikkje gjev særleg tilsig på vinteren, det er reine usanninga, me har rapport frå Meteorologisk Institutt som fortel det motsette. Dersom denne reguleringa ikkje tek det meste av elvevatnet, kvifor vil så Statkraft bala med utbygging? Øyreselva har truleg berre 7% av si opphavlege vassføring, ikkje 20%. I fjellvatna var det fin fisk. Goddalen var ei sjeldan fin seter. Etter reguleringa av Markjelkevatnet vert Goddalsvatnet ei dau pøyse. Før var det liv i elva. Elvakongen (fossekallen) kunne ein sjå mykje av. I dag ser ein ingen, dei er borte. (- - -) Alt dette er sjølv sagt bagatellar andsynes at der vert produsert meir straum og Statkraft kan få meir pengar. Men korkje elektrisk kraft eller pengar kan gje den opplevinga og livskvaliteten, naturen med alt sitt mangfald gjev menneska."* Det må her opplyst at Markjelkevatnet alt er vedteke overført til Mauranger kraftverk via eit pumpekraftverk i 2007, men overføringa er enno ikkje gjennomført. NVH har vore inne på Artsdatabasen og funne at det er stor artsrikdom i Goddalsområdet og Markjelkeområdet. Her fins såleis fleire sjeldne soppartar (Godal), seljetjæreflekk og bergfrue (Markjelke). Av fuglar fins det heipiplerke, skogsnipe, dvergfalk og gjerdesmett i Goddalsområdet. Det ser altså ut som om vedtaket om overføringa av Markjelkevatnet også kan ha vore teke på feil grunnlag, utan kunnskap til verknaden av inngrepet på naturmiljø og biologisk mangfald.

### (5) Konklusjon

NVE prøver å imøtegå innvendingane frå høyringsinstansane på s. 70 og utover, men utan å leggja på bordet nye fakta som kan støtta deira tilråding. Alle kommentarane deira på

s. 71 om forholdet til nasjonalparken, inngrepsfri natur og reiseliv og turisme baserer seg på rein synsing utan grunnlag i fakta og er delvis i strid med deira eigne observasjonar og konklusjonar i KU. Dette er klart i strid med det tidlegare omtalte "føre var"-prinsippet i §9 i Naturmangfaldlova og kan koma i strid med omsynet til "hensynssoner" kring nasjonalparker i §11.8 i den nye Plan- og Byggningslova. Det er som nemnt under arbeid ein forvaltningsplan for Folgefonna nasjonalpark, der forholdet til desse nye lovene vil bli avklart.

I Direktoratet for naturforvaltning (DN) si tilråding om oppretting av Folgefonna nasjonalpark med landskapsvernområde heiter det: *"Formålet med Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde, som sikrar heilskapen og variasjonen i naturen frå låglandet til*

*høgareliggjande område med fjell og bre, med v erdfull vassdragsnatur, det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestandar, geologiske førekomstar og kulturminne. Formålet med oppretting av landskapsvernområda er å ta vare på eigenarta og vakre naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføret opp mot høgfjellet, med geologiske førekomstar, biologisk mangfald, verdfull vassdragsnatur og kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø.”*

NVH krev difor at OED avventar vedtak i saka til dess forvaltningsplanen ligg føre, og saka er sendt ut på ny høyring.

Med venleg helsing  
For Naturvernforbundet Hordaland

Espen Edvardsen  
leiar

Oddvar Skre (sign.)  
saksbehandlar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen